

Bjørn Håkon Uthaug  
Sælenveien 68e  
5143 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8195 - 22/86506

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
14.11.2022

## Løyve til utslepp av avløpsvatn - Minireinseanlegg - gbnr 125/11 Kjeilen indre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 1286/22**  
**Byggestad:** Gbnr: 125/11  
**Tiltakshavar:** Bjørn Håkon Uthaug  
**Ansvarleg søker:** Vest Rørservice As  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

**Det vert gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr. 125/11 Kjeilen indre på følgjande vilkår:**

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasses A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomane vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

- 8. Før avløpsanlegget takast i bruk må det ligge føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.**

**Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.**

## **SAKSUTGREIING**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for bustad på gbnr. 125/11 Kjeilen indre.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eideommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP før utsleppet vert ført vidare til grøft med heilårvassføring.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.11.2022.

### **Planstatus**

Eideomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er i nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknadar frå naboar.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 25.10.2022.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på eigen eideom, på gbnr. 125/11. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eideom fram til utsleppsstad.

## **KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN**

Det er ikke offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reining av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til grøft med heilårvassføring.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 22/8190

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Mynde til å gjøre vedtak i saka**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Du kan klage på dette vedtaket**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller saerskilt klagenemnd, jf. [forureningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Anlegget er ditt ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Du må sette i gang innan tre år**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

**Kommunens tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/8195**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Bjørn Håkon Uthaug  
Vest Rørservice As

Sælenveien 68e 5143  
Kvernhusvegen 5 5936

FYLINGSDALEN  
MANGER